



Instruks for dagleg leiar.

Dagleg leiar er sekretær for styret og har ansvar for den daglege drifta av laget, samt gjennomføring og avvikling av enkeltprosjekt, tilskippingar og andre tiltak i regi av laget. Dagleg leiar skal til ei kvar tid følgje opp vedtak gjort av styret dersom anna ikkje er nemnt i vedtaket. Arbeidet føreset jamleg kontakt, samarbeid, og god kommunikasjon med styreleiar/styre både når det gjeld drift, prosjekt og arbeidstilhøve. Instruks for dagleg leiar må sjåast i samanheng med «Instruks for styret i SFFL» og «Instruks for styreleiar i SFFL»

Arbeidsoppgåver er som følgjer:

- Økonomi-, søknads- og rapporteringsarbeid, under dette utarbeiding av budsjett, rekneskap og rapport for drift, enkeltprosjekt, tilskippingar og tiltak i regi av laget.
- Mottaking og registrering av innkomande e-post, post og telefonar til laget.
- Informasjonsarbeid
 - Informasjon retta mot medlemslag og enkeltmedlemmer, under dette utsending av jamleg informasjon om arrangement, søknadsfristar og andre aktuelle saker.
 - Informasjon retta mot publikum, under dette utsending av pressemeldingar i samband med aktuelle saker og hendingar.
 - Oppdatering og vedlikehald av laget sine heimeside og sosiale media.
- Representasjon av laget i ulike organisasjonar og aktuelle møte
- Planlegging, gjennomføring, avvikling og etterarbeid knytt til av enkeltprosjekt, tilskippingar og tiltak i regi av laget
- Styrearbeid, jf. Styreinstruks, samt praktisk tilrettelegging av møte (lokale, mat, osb.)

Dagleg leiar har stor grad av handlingsrom når det gjeld prioriteringar av tidsbruken i stillinga. Arbeidsforholdet er i stor grad bygd på tillit, og det er ikkje lagt opp til omstendelege rapporteringsrutinar som kan vere tidstjuvar i arbeidskvardagen. Organisasjonen har likevel forventningar til arbeidet som vert gjort, og dagleg leiar kan også forvente at styret og styreleiar er sitt ansvar bevisst.

For å holde styret oppdatert er det ynskjeleg at dagleg leiar kjem med oppdateringar av eit om lag slikt omfang til styremøta.

Vedteke i styremøte i nettmøte 23. august 2022 - Styret:


Kirsten Johanne Friis

Jofrid Aardalsbakke Djupvik

Berner Midthjell


Magnus Skjærdal


Judith Vestreim


Berner Midthjell